



## **RYDD SOGN OG FJORDANE**

### ***MOTIVASJONSMIDLAR Vår 2023***

Kjære Bygdelaget Havglimt,

Fjordane Friluftsråd (FF) vil med glede informere dykk om at vi vil dele ut **kr. 11000,-** til Bygdelaget Havglimt for å støtte dykk i det viktige arbeidet mot marin forsøpling!

***Les under kva pengane kan brukas til, og anna viktig informasjon om tildelinga.***

#### **Om Fjordane Friluftsråd sine motivasjonsmidlar**

Motivasjonsmidlar er ei støtteordning frå Senter mot marin forsøpling (MARFO) til frivillige lag, foreningar, skuleklassar, organisasjonar, bedrifter osv., for å støtte oppom arbeid mot marint avfall. FF forvaltar desse midlane for MARFO i våre medlemskommunar og kyst- og ytre fjordstrøk i tidlegare Sogn og Fjordane. Målet med midlane er å motivere til arbeid og aktivitetar for å redusere marin forsøpling. Vi forventar at midlane vert nytta i tråd med formålet og i henhold til innsendt søknad.

#### **Midlane kan til dømes nyttas til**

- Strandryddeaksjonar;
- Transport til/frå ryddeområda.
- Mat og drikke til frivillige under ryddeaksjon.
- Transport av avfall til næraste avfallsstasjon eller leveringspunkt.
- Førebyggjande tiltak; t.d. informasjonskampanjar, utvikling av vegleiingsmateriell retta mot spesifikke grupper, osv.
- **Midlane dekkjer ikkje** handteringskostnadane av avfallet. Denne kostnaden vert dekkja av FF eller avfallsselskapet som handtera avfallet.

Hanskar og ryddesekkar kan òg få gratis frå FF <https://fjordanefr.no/strandrydding/#utstyrslager>

Eller Hold Norge Rent sin strandryddepakke: <https://holdnorerent.no/ryddepakke>

#### **Fjordane Friluftsråd sine føresetnader**

- Avfallet frå ryddeaksjonane må registrerast i Hald Noreg Reint si ryddeportal; [Rydde](#). Aksjonen må her knytast til Fjordane Friluftsråd som "tilknytt organisasjon". Dette er viktig for kartleggingsformål og vår registrering av avfall og aksjonar.
- Vi ber om at arrangementet er så plastfritt som mogleg; unngå eingongsartiklar i plast og ta med dykkar eiga avfall heim.
- Vi ber om at dykk skriv ein kort artikkel av korleis tiltaket gjekk som vi kan dele i våre kommunikasjonskanalar. Og legg gjerne ved nokre bilde frå aksjonen som vi kan dele i våre kanalar

## Fjordane Friluftsråd kan støtte og hjelpe til med

- Kartlegging av forsøpla plasser i ditt nærrområde.
- Organisering av transport til ryddeområde (f.eks. innleie båt, ferje, buss).
- Nødvendig utstyr, f.eks. ryddesekkar og hanskar.
- HMS-opplæring og sikkerheit av alle leiare og frivillige. NB: tiltakshavar har HMS/tryggleiksansvar.
- Opplæring om marint avfall og metodar for strandrydding.
- Halde undervisning, Workshops og diskusjonar kring marin forsøpling.
- Organisere henting og levering av marint avfall.
- Inspirasjon til førebyggjande tiltak i området ditt.

## Om prosjektet "Rydd Sogn og Fjordane"

Gjennom prosjektet *Rydd Sogn og Fjordane*, organiserer og motiverer vi i Fjordane Friluftsråd til rydding av marint avfall, samt igangsetjar førebyggjande tiltak for å informere og bevisstgjere befolkninga om problematikken kring marin forsøpling. Prosjektet gjennomførast primært i våre medlemskommunar; Solund, Askvoll, Kinn, Bremanger, Stad og Stryn, i tillegg til at vi dekker resterande kyst og ytre fjordstrøk i tidlegare Sogn og Fjordane.

I 2021, rydda FF, saman med meir enn 1600 frivillige, omkring 50 tonn marint avfall frå kysten. Vi kunne ikkje ha klart dette utan hjelpen dokkar! I tillegg dreiv vi kunnskapsdeling om marin forsøpling gjennom foredrag, kunstutstillingar, videoar og friluftsskuler.

## Skuleturnè for havet

Fjordane Friluftsråd driver i samarbeid med Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane prosjektet Skuleturnè for havet. Du kan lese meir på våre nettsider her: <https://fjordanefr.no/skule/>

## Bli med på Kystlotteriet 2023!

Hent sekk – plukk søppel – vinn premier! Kystlotteriet gir store og små en ekstra motivasjon til å rydde i fjæra. <https://elvoghav.no/prosjekter/kystlotteriet/>

Når de rydda kan de gå inn på <https://reg.kystlotteriet.no/> og registrere antall sekker de har rydda og bli med på trekning av mange flotte premier for 2023. Kystlotterisekkene har òg ein QR-kode ein kan scanne, og leda direkte til registreringsskjema. Lykke til :D

*Vi ser veldig fram til å jobbe saman med dykk og ta kontakt om de har spørsmål!  
Med vennleg helsing frå;*

### **Bjarte Engevik**

*Dagleg leiar*

[bjarte@friluftsrad.no](mailto:bjarte@friluftsrad.no)

994 87 500

### **Ina-Linn Ullaland Solsvik**

*Prosjektleiar Marin Forsøpling*

[ina.linn@riluftsrad.no](mailto:ina.linn@riluftsrad.no)

482 22 238

### **Roger Auset**

*Prosjektleiar Skuleturnè for Havet*

[Roger@friluftsrad.no](mailto:Roger@friluftsrad.no)

948 00 969

Fjordane Friluftsråd

Hardbakke 26

6924 Hardbakke

Horne Brygge

Strandgata 15

6900 Florø

Horne Brygge

Strandgata 15

6900 Florø